



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Distriktssenteret - Kompetansesenter for distriktsutvikling
Ogdalsveien 2
7713 STEINKJER

Dykkar ref

Vår ref
13/49-1

Dato

18 JAN 2013

Tildelingsbrev for 2013

I. MÅL OG RESULTAT FOR 2013

1. Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet fylgjer opp Stortinget sine vedtak og føresetnader gjennom dette tildelingsbrevet, jf. Innst. 16 S (2012–2013) og Prop. 1 S (2012–2013) for Kommunal- og regionaldepartementet. Tildelingsbrevet skal vise kva for satsingsområde og mål som blir gjeldande i 2013.

2. Disponible rammer og løyvingar

Tabell 1. Oversikt over midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda i 2013

Kap.	Post	Namn	Sum i 1000 kr
554	01	Driftsutgifter	32 000

Rapporteringa frå Distriktssenteret skal synleggjere måloppnåinga for dei oppgåvene, midlane og fullmaktene som er delegerte til Distriktssenteret. Midlane skal nyttast på ein effektiv og forsvarleg måte.

Distriktssenteret skal ikkje forvalte verkemiddel i form av lån, tilskot e.l. Det er ikkje budsjettert med inntekter til senteret. Dersom senteret likevel har inntekter, får verksemda fullmakt til å overskride løyvinga under kap. 554, post 1 Driftsutgifter mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3554, post 1 Diverse inntekter, jf. Innst. 16 S (2012–2013) romartalsvedtak V.

3. Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa i 2013

Måla for distrikts- og regionalpolitikken i statsbudsjettet for 2013 tek utgangspunkt i St.meld. nr. 25 (2008–2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og*

regionalpolitikken. Regjeringa vil leggje til rette for at alle skal vere fri til å busetje seg der dei ynskjer, og vil utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekstrainsats som skal styrkje grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar, og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverke til å utløyse regionale potensial for verdiskaping.

4. Nærare om måla og oppgåvene til Distriktssenteret

Distriktssenteret skal vere eit nasjonalt kompetansesenter for lokal samfunnutvikling.

Distriktssenteret skal:

- inspirere og vere ein støttespelar for lokale utviklingsaktørar gjennom å hente inn, samanstille og formidle erfarings- og forskingsbasert kunnskap
- vere etterspurt og nyttig for brukarane gjennom å samanstille og synleggjere kunnskap
- hente inn og formidle kunnskap frå prosjekt for utvikling av attraktive lokalsamfunn
- vere ein premissleverandør for utvikling av distrikts- og regionalpolitikken
- samarbeide med andre aktørar innanfor distrikts- og regionalutvikling

Målgrupper og samarbeid

Gjennom å samarbeide med kommunar, fylkeskommunar, Innovasjon Noreg, SIVA og andre regionale aktørar og eldsjeler skal Distriktssenteret ha rolla som nasjonalt kompetansesenter i lokal samfunnsutvikling og sikre overføring av kunnskap og erfaringar frå vellukka utviklingsarbeid på tvers av fylke og over tid.

Kvinner, unge og innvandrarar er prioriterte grupper i distrikts- og regionalpolitikken. Dette må gjenspeglast i kartleggingane Distriktssenteret innhentar.

Nettstaden www.distriktssenteret.no

Nettstaden www.distriktssenteret.no er sentral i Distriktssenterets kommunikasjon. Nettstaden inneheld kunnskap knytt til lokalt samfunnsutviklingsarbeid og skal gjere nyttig informasjon lett tilgjengeleg. Departementet legg til grunn at det blir arbeid kontinuerleg for å gjere nettstaden aktuell, nyttig og tilgjengeleg for målgruppene til Distriktssenteret. Det er ei målsetting at trafikken på nettstaden skal vere større i 2013 enn den var i 2012.

Distriktssenteret skal offentleggjere sine eigne faglege vurderingar av lokalt utviklingsarbeid på nettstaden. Nettstaden skal både innehalde gode døme til etterfølging, og fortelje om arbeid som har vore mindre vellukka. Dette kan gjelde måloppnåing, forankring og organisering. Gjennom å formidle erfaringar skal Distriktssenteret arbeide for å kome i dialog med brukarane sine, og bidra med relevant kunnskap.

Omdømmearbeid

I 2009 overtok Distriktssenteret oppgåver frå Kommunal- og regionaldepartementet innanfor området omdømmearbeid. Den vidare innsatsen byggjer på dei tidlegare erfaringane og etterspørselen frå kommunane. Distriktssenteret skal vurdere om det trengst omdømmeskule i 2013 eller om det er ynskjeleg å jobbe med omdømmearbeid på anna vis i 2013.

Møteplassar

Distriktssenteret skal vidareføre det gode arbeidet som er gjort i tidlegare år for å medverke til nettverksbygging, erfaringsoverføring og synleggjering av innsats for utvikling av lokalsamfunn. Her kan Distriktssenteret både ta i bruk eksisterande møteplassar og skape nye. I 2012 spelte Distriktssenteret ei nøkkelrolle på fleire av dei mest sentrale møteplassane. Rolla som medarrangør er arbeidskrevjande, og Distriktssenteret har i samråd med Kommunal- og regionaldepartementet beslutta å redusere aktiviteten som medarrangør i 2013. Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer at Distriktssenteret i staden deltar som innleiar på sentrale møteplassar.

Innflyttarar

Distriktssenteret skal vidareføre samarbeidet med Kommunal- og regionaldepartementet, IMDi og Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet om å skaffe fram, samanfatte og formidle ny kunnskap om inkludering av innflyttarar i distrikta. I denne samanhengen skal det særleg leggjast vekt på inkludering av utanlandske innflyttarar.

Lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK)

Distriktssenteret er ein samarbeidspartnar i satsinga for å styrkje kommunane som samfunnsutviklarar. Dei fylkeskommunane som er med i satsinga, har hovudansvaret for å setje i verk ordninga. Distriktssenteret skal vere ein støttespelar og ein ressurs for fylkeskommunane og kommunane. Fylkeskommunane og Distriktssenteret må i kvart fylke i samarbeid definere behov og gode arbeidsmåtar i praksis.

Bulyst

Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer å involvere Distriktssenteret i arbeidet med Bulyst, når det gjeld kunnskapsbygging og formidling. Distriktssenteret skal presentere Bulystprosjekta på heimesida si og skal ha ei sentral rolle som rettleiar for Bulystprosjekta. Distriktssenteret følgjer nokre av bulyst-prosjekta ekstra tett. Dette gir Distriktssenteret god kunnskap om prosjektgjennomføringa og resultatata i desse prosjekta. Prosjekta som blir følgt ekstra tett skal synleggjerast på nettstaden til Distriktssenteret.

Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar

Verdiskapingsprogrammet for lokale og regionale parkar (VSP park) var nytt frå 2012, og det er vedteke ei vidareføring med 10 millionar kr i 2013. Kommunal- og regionaldepartementet ynskjer at Distriktssenteret skal ha ei aktiv rådgjevar - og rettleiarrolle for parkane som får støtte gjennom VSP park. Denne rolla skal dei også ha

for parkar som ynskjer å søkje på programmet i 2013. Distriktssenteret må sørge for at deira rolle profilerast og tydeleggjerast slik at parkane er kjende med - og nyttar seg av - kompetansen som Distriktssenteret har.

Distriktssenteret skal også formidle erfaringar frå prosjekta som fekk støtte i 2012.

Statens pris for attraktiv stad

Distriktssenteret skal også i 2013 vere sekretariat for juryen for Statens pris for attraktiv stad. Utgiftene til dette arbeidet blir refundert av departementet. Det er sett av like mykje midlar til dette arbeidet i 2013 som førre år, det vil seie inntil 800 000 kroner.

Distriktssenteret har hovudansvaret for arbeidet knytt til prisen. Formidling av vinnaren av prisen skal likevel skje i eit nært samarbeid med KRD.

Styrke utviklingskrafta til utsatte kommunar

Distriktssenteret har ei sentral rolle i den nye satsinga for å styrkje utviklingskrafta til utvalde kommunar som har mindre enn 2000 innbyggjarar, og som ligg innanfor sone III og IV i det distriktspolitiske verkeområdet. Distriktssenteret skal, i samarbeid med kommunane og fylkeskommunane, utvikle eit fagleg program for satsinga og den einskilde kommunen, tilpassa utfordringane dei står ovanfor. Det skal òg vere eit samarbeid med fylkeskommunane, og ev. andre aktørar om opplæring.

Distriktssenteret har saman med fylkeskommunane ansvar for oppfylgging av kommunane. Distriktssenteret har ansvar for ei samla rapportering frå alle kommunane til departementet. Over kap 554 post 1 er det satt av 4 millionar kr til dette arbeidet.

Saman om ein betre kommune

Distriktssenteret skal gje fagleg hjelp og råd om omdømmearbeid til kommunar som deltek i utviklingsprogrammet "Saman om ein betre kommune". Hjelp til kommunane skjer først og fremst gjennom nettverkssamlinger i programmet, og skal utover dette baserast på konkrete behov og etterspurnad

II. ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

5. Forskning og utvikling

Departementet har utarbeidd ein revidert FoU-strategi for åra 2011–2014. I strategien er arbeidsdelinga mellom departementet og underliggjande verksemdar omtalt.

Departementet ønskjer eit tett samarbeid med Distriktssenteret om utgreingar

Distriktssenteret gjer som er av interesse for departementet. Distriktssenteret skal jamleg registrere gjennomførte evalueringar på www.evalueringsportalen.no.

6. Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemdar skal ha ei aktiv haldning til kommunikasjon, både internt og eksternt. Kommunikasjonsarbeidet i Distriktssenteret skal vere basert på gjeldande regelverk som offentleglova og forvaltningslova, samt ny statleg kommunikasjonspolitikk. Det er viktig at Distriktssenteret fangar opp signal i samfunnet som kan knytast til verksemda i Distriktssenteret, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid.

Distriktssenteret skal orientere departementet i god tid før offentliggjøring av viktige utgreingar eller rapportar som Distriktssenteret har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Distriktssenteret og departementet må fylgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan skape stor offentleg merksemd. Distriktssenteret skal ha planar for krisehandtering og krisekommunikasjon. Departementet ventar at Distriktssenteret gjer resultata som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at Distriktssenteret tek kontakt med departementet for avklaring om den politiske leiinga kan vere ein del av synleggjeringa.

7. Tryggleik og vernebuing

Distriktssenteret skal gjennomføre risikovurderingar for sitt verksemdsområde og kartleggje sårbarheit knytt til drifta i Distriktssenteret.

Distriktssenteret skal ha etablert eit planverk for å handtere akutte kriser. Planverket skal definere kriseleiing, kriseleiinga sitt ansvar og oppgåver, varslingsrutinar, kontinuitets-plan og system for kriseinformasjon. Planverket og varslingsprosedyrar skal vere kommunisert til dei tilsette. Distriktssenteret skal øve med utgangspunkt i planverket.

Dersom det er relevant skal Distriktssenteret utarbeide rutinar for informasjonsutveksling til berørte aktørar innan samfunnsvernebuinga.

Informasjonstryggleik

Departementet er i gang med å etablere eit styringssystem for IKT-tryggleik (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Departementet ynskjer å tilby malverk til underliggjande verksemdar når dei er ferdigstilte. Bruk av verktya kan medverketil ein meir heilskapleg styring av IKT-tryggleiken.

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Før nye IKT-system/-løysingar blir sette i drift, skal dei testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det blir tilrådd at tryggleiksarbeidet fy godkjendestandardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truar eller kompromitterer IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Informasjonstryggleiksstyring vil vere eit tema i styringsdialogen også i framtida.

8. Likestilling og mangfald

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneheld krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i den einskilde verksemda si årsmelding. Departementet viser til vedlegg 3 om krav til rapporteringa i årsmeldinga for 2012. Tabellane som Distriktssenteret skal

bruke i rapporteringa er henta frå rettleiaren *Statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten*. Rettleiaren finst på nettsidene til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Aktivitetsplikta i lovene nemnde over oppmoder offentleg styresmakt om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og mangfald på alle samfunnsområde. Distriktssenteret bør rapportere på korleis tiltak på relevante felt verkar for og blir fordelte mellom kvinner og menn. All rapportering skal fordelast på kvinner og menn der dette er relevant. Dette vil bli innarbeidd i Prop. 1 S. Distriktssenteret skal rapportere til departementet innan 30. mars 2013.

9. Etiske retningslinjer

Vi viser til etiske retningslinjer for statsforvaltninga som er fastsette og sende ut til alle statlege verksemder saman med PM 16/2005. Det er leiinga i den einskilde verksemda som må fylgje opp retningslinjene og ta initiativ for å fremje det etiske medvitte hjå dei tilsette.

10. Miljørapportering

Handlingsplanen for miljø- og samfunnsansvar i offentlege innkjøp inneheld ein eigen miljøpolitikk for statlege innkjøp. Her blir det stilt konkrete krav til innkjøp av prioriterte produktgrupper, og forankring i leiinga i form av eit system for miljøleiing. Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har utvikla ei felles, enkel rapporteringsløysing for alle statlege verksemder: MiljøRapp. MiljøRapp er eit skjema i Altinn som blir fylt ut av dei underliggjande einingane i verksemda (f.eks. hovudkontor og regionkontor) ein gong i året. Einingane fyller inn tal og informasjon om følgjande rapporteringsindikatorar:

- status på system for miljøleiing
- energibruk
- transport
- avfallsrutinar
- miljøhensyn i innkjøp

Departementet ber om at Distriktssenteret tek i bruk MiljøRapp f.o.m. 2013. Det inneber at Distriktssenteret skal leggje inn rapporteringa for 2012 i Altinn innan 1. juni 2013.

11. Rapportering i samsvar med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova i offentleg teneste og § 6 i forskriftene til lova med krav om minimum 25 prosent bruk av den minst nytta målforma. Departementet ber etaten rapportere om dette i årsmeldinga.

III. ØKONOMIFORVALTING OG STYRINGSDIALOG

12. Budsjett og risikostyring

Budsjettet skal jamleg fylgjast opp. Distriktssenteret gjorde ein ekstra innsats i 2011 og 2012 for å planleggje innsatsen endå betre og styre den økonomiske verksemda tettare. Det gav gode resultat, og vi ynskjer difor framleis stor merksemd om økonomistyringa i 2013. Departementet ber om at Distriktssenteret rapporterer om økonomisk status i samband med styringsmøta. Sjå rapporteringskalenderen for fristar, vedlegg 3. For budsjettfullmakter sjå vedlegg 1 og for personalfullmakter vedlegg 2.

Departementet ber Distriktssenteret om å gjennomføre og arbeide med risikoanalysar som eit ledd den interne styringa. Distriktssenteret skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå. Eventuelle vurderingar som syner høg risiko for at mål ikkje kan nåast, skal ha med ein omtale av kva tiltak ein kan setje inn for å redusere risikoen. Endringane i risikovurderinga skal gå fram av rapporteringa knytt til styringsmøta og vere fast tema i styringsmøta. Departementet skal haldast orientert ved eventuelle uventa endringar i risikobiletet. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal verksemda straks rapportere til departementet. Risikoanalysen skal i hovudsak relaterast til målstrukturen i verksemda, det vil seie arbeidsmåla som er fastsette i den strategiske plattformen. Risikovurderingsarbeidet skal integrerast i mål- og resultatstyringa.

Strategiplanar og større utviklingstiltak i verksemda skal alltid byggje på eller innehalde risikovurderingar.

Distriktssenteret skal sende departementet ein risikoanalyse innan 30. mars 2013.

Distriktssenteret skal ha system og rutinar for internkontroll. Effektive interne kontrollsystem skal sikre at fastsette mål blir fylgde opp, at ressursbruken er effektiv, og at verksemda blir driven i samsvar med god forvaltningsskikk og gjeldande lover, forskrifter og retningsliner. Det er viktig å førebyggje mogleg misleghald. Departementet viser vidare til krava til intern kontroll i økonomiregelverket i staten.

Distriktssenteret skal følge lov og forskrift om offentlege anskaffingar.

Distriktssenteret skal sende kopi til departementet av all korrespondanse verksemda har med Riksrevisjonen.

13. Styringsmøta

Styringsmøta skal handle om resultat- og måloppnåing. Vidare skal møta nyttast til å utveksle informasjon om aktuelle saker i Distriktssenteret. Rapportering og dokumentasjon til møta skal sendast ut minimum to veker før møtetidspunktet.

Departementet kallar inn til møta, leier dei og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referata frå styringsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

14. Rapportering

Halvårsrapport 2013

Halvårsrapport skal sendast til departementet 12. august 2013 og skal innehalde desse punkta:

- satsingsområda og hovudmåla for 2013 med særleg vekt på eventuelle avvikøkonomisk status
- ei oversikt over utgreiingar som Distriktssenteret har ansvaret for, og der saker av politisk interesse er markerte
- oversikt over eventuelle planlagde vesentlege endringar

Årsrapport 2012


Distriktssenteret skal utarbeide årsrapport for 2012 innan 30. mars 2013.

Departementet vil sørgje for at rapporten blir send vidare til Riksrevisjonen.

I årsrapporten skal Distriktssenteret presentere ei vurdering av året som har gått. Det skal òg vere ein omtale og ei vurdering av måloppnåinga og ein omtale av HMS-arbeidet, sjukefråværet, likestillingsarbeidet, arbeidsmiljøet, samfunnstryggleik og beredskap. Departementet ber om at det blir rapportert om tiltak som er sette i verk eller planlagde for å redusere sjukefråværet og fremje likestilling. Alle statlege verksemdar skal i årsrapporten gjere greie for om dei har gjennomført brukarundersøkingar og gjort dei offentleg tilgjengelege.

Departementet ser fram til eit godt og konstruktivt samarbeid med Distriktssenteret i 2013.

Med helsing



Liv Signe Navarsete

Vedlegg:

1. Budsjettfullmakter for KRDs underliggende virksomheter for 2013
2. Personalfullmakter for KRDs underliggende virksomheter i 2013
3. Rapporteringskalender

Kopi til:

Riksrevisjonen

Postboks 8130 Dep

0032 OSLO